



Varsam start på badesesongen.:Camilla (5 ½) og Emma (3 ½) Myklebust Ripel hadde ikkje noko i mot å hoppe uti. Dei fekk etter kvart selskap av fleire, men ikkje mange, (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sommarveret held fram inn i juni og badesesongen kjem nærare for kvar dag som går! Fredag vart den

hittil høgaste luft-temperaturen i Uskedalen i år målt. Det var i ”observatoriet” hjå Ripel i Myro, og noteringa var 25 grader.

Den hittil høgaste vatntemperaturen vart registrert av Åse Neset på Neset ved middagstider søndag. Då var den 18 grader, men det var ikkje nok til å utløsa det store magaplasket korkje på på Neset eller på badestranda. Men dei yngste og dei eldste var uti og lauga seg! Den yngste som uskedalen.no observerte var 3 år og den eldste over 80!

Nokre av dei få som nytta badestranda hadde visse kritiske merknader å koma med. Dei minna om at det allereie i fjor vart påpeika at kloakken som kjem ut på den andre sida av betongkaia har ein lekkasje. Samstundes minna dei om at dei som har teke på seg ansvaret bør rydda opp på stranda og mellom anna fjerna steinar.

Av Ola Matti Mathisen